



**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmeisteren for Svalbard

Vanylven kommune  
Rådhuset  
6143 FISKÅ

Dato: 03.02.2023  
Vår ref: 22/00188-4  
Deres ref: 21/1697 22/10953

## Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan for Småstranda næringsområde i Vanylven kommune

### POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50  
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no)

WEB [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

### SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 22. desember 2022.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

### Om saka

Føremålet med planarbeidet for Småstranda næringsområde er å få eit formelt plangrunnlag for utfylling i sjø, og utvikling av eit nytt næringsareal nord for Åheim. Næringsområdet er planlagt oppbygd med kostnadsfri tilførsel av sprengstein frå Stad Skipstunnel, som ligg omlag 7,5 km i seglingsdistanse frå planområdet. Tiltaket som er planlagt utført omfattar utfylling i sjø og ny tilkomstveg til næringsarealet frå fylkesveg 61.

### Fråsegn frå DMF

DMF ga fråsegn til varsel om oppstart av planen 01.02.2022, der vi blant anna oppmoda om å gjere ei vurdering av massehandtering i planarbeidet og at transportavstandar for massar bør vere kortast mogleg.

Planomtala beskriv at det skal nyttast overskotsmassar frå Stad skipstunnel. Det er kommunen sitt mål at Stad skipstunnel skal gje positive synergjar for lokalsamfunnet, ved at steinressursar blir nytta til ulike samfunnsnyttige føremål. Kystverket har opna for at massar skal kunne fraktast sjøvegen, så lenge arealet er regulert og har dei naudsynte løyve slik at det er klart for masseinntak. Det er òg utarbeidd føresegn som tek omsyn til massetransport og utfylling i sjø, der det berre er tillat med bruk av reine massar.

Småstranda masseuttak er nemnd i ROS-analysen, men det er elles ikkje gjort greie for om planen vil ha innverknad på drifta i uttaket. Ettersom det berre skal gjerast utfylling i sjø, og ikkje tiltak på land, går DMF ut i frå at planen ikkje vil få konsekvensar for masseuttaket. DMF ser våre merknader om massehandtering og massetransport som imøtekomme og har ingen ytterlegare innspel til planarbeidet.



For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad  
seksjonssjef

Karoline Walsøe Egholm  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Karoline Walsøe Egholm

Mottakarar:

Vanylven kommune

Rådhuset

6143 FISKÅ

Kopi til: